



Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 5 • November 2016 • 49. ÅRGANG




Barnet i krubba

Foto: frealyphotos.com / Creative Commons



Hoems julesalme
Side 14-15



Ser ikke hudfargar
Side 12-13



Livbergande strikkeprosjekt
Side 2-3

KONFIRMANTPROSJEKT SOM BERGAR LIV: Møyfrid Naterstad Opheim (bildet) og Marianne Fanebust starta strikkedugnad i Arna som kan verta livberging for nyfødde og for tidleg fødde born i Tanzania. (Foto: Audun Stølås).



Handarbeid som bergar liv

«Strikk for livet» er eit svært konkret misjonsprosjekt der alle kan bidra. Restane av garn du har att etter at du har strikka ein genser eller ei kufte, kan verta livberging for nyfødde og for tidleg fødde born i Tanzania.

TEKST: INGVAR FLØYSVIK

Du har sikkert sett notisar i kyrkjelydsbladet om «Strikk for livet», eit strikkeprosjekt for nyfødde i Afrika. I førre nummeret stod det til dømes ei innbyding til dugnad.

I dag har me sett oss ned for å snakka med ei av dei som har fått prosjektet i gang, Møyfrid Naterstad Opheim. Me burde hatt ein kaffikopp, for det høyrer liksom med når me møter Møyfrid, men det får vera denne gongen.

- Korleis byrja det heile?
- Me hadde snakka om å tilby strikkegruppe som ein av dei aktivitetane konfirmantane kunne velja, og me ville strikka for å gje plagga til nokon som trong dei. Då fann eg ei melding på Facebook.

Meldinga var frå to sjukepleiestudentar som skulle ut til Haydom sjukehus i Tanzania og ville ha med seg ullklede til

nyfødde og for tidleg fødde born. Snart var dei to både på «God morgen, Norge» og i eit vekeblad. Dei hadde tenkt seg nokre plagg til å ta me når dei reiste. Men til no har mange tonn med klede vorte sende ut. Arbeidet har vorte utvida, så plagga går ikkje berre til Haydom, men til klinikkar i området, ja, heilt til øya Zanzibar.

Livsviktige plagg

– Eg tenkte at dette måtte vera midt i blinken for eit konfirmantprosjekt. Marianne (Fanebust) og eg starta opp gruppa, og eg skreiv ein notis i kyrkjelydsbladet og spurde om nokon hadde garn liggjande som dei ikkje trong sjølve. Dagen etter stod eit eldre ektepar i døra med ei pappkasse full av ullgarn.

– Då konfirmantgruppa var komen i gang, inviterte me kyrkjetenaren i Laksevåg til å fortelja og forklara. Han er frå dette område av Tanzania.

Kyrkjetenaren fortalde om folk som var så fattige at dei trong dagen til å skaffa mat. Dessutan er ulla på sauene i Tanzania lite eigna til babytøy. Sidan husa ikkje vert noko særleg oppvarma, kan det ofte vera kaldt om nettene. Nyfødde, og særleg for tidleg fødde, har lita evne til å regulera kroppsvarmen, og mange døyr fordi dei fryr i hel.

Standardoppskrift på kuvøsesett

– Difor er det fyrst og fremst kuvøsesett me strikkar. Dei er utvikla slik at barnet skal vera dekt av ull frå topp til tå og samstundes ha andlet og fingrar frie. Me har fått ei standardoppskrift, med storleikane stor og liten. Men ulike strikkemønstre og det at ikkje alle strikkar like fast, gjer at setta likevel vert ulike.

Sjølv om desse kuvøsane er det viktigaste, har dei òg sendt mykje anna, som jakker, «bodyar» og liknande. Alt kan nyttast.

– Me tek bilete av alt me sender. Om nokon strikkar sokkar og andre teppe, set me dei saman til sett. Det er motiverande å sjå at nett plagga me har sendt, vert tekne i bruk i Tanzania.



BYRJA SOM EI FACEBOOK-MELDING: «Strikk for livet» byrja med at to sjukepleiarstudentar i Oslo fekk praksis på Haydom sjukehus. Dei la ut ei Facebook-melding, der dei tenkte på mødrer, tanter og vener. Men dei som fekk meldinga, delte henne, og snart var folk i gang med å strikka over heile Noreg. (Foto: strikkforlivet.no)

– Forresten er det ikkje eingong sjølvsagt at kvinnene kjem seg til klinikken når dei skal føda. Det kostar litt. Då er ullklede ei gulrot: Legg du deg inn her, får du varme og gode klede til barnet på kjøpet! I tillegg får dei opplæring. Mange er redde for å ha kroppskontakt med barnet. Det døyr så mange born at mødrane helst ikkje vil verta for glade i dei før dei ser om dei greier seg. Her får dei vita at spedbarnet treng å kjenna mora sin kroppsvarme, at det nettopp gjev barnet større sjanse for å leva opp.

Heile bygda er med

No har arbeidet gått over fleire år. I fjor var det ei stor strikkegruppe, der det òg var gitar med. I år er det berre to konfirmantar, og fire ivrige leiarar. Kvart halvår har konfirmantane invitert til strikkedugnad. Den siste så langt var no i november. Då kjem både konfirmantmødrer og folk frå bygda elles og er med og strikkar. Konfirmantane serverer kaffi og kaker.

– I starten hadde me utlodding til porto for å senda tøy til oppsamlingslageret i Oslo. Etter kvart tok Bergen Storsenter på seg å samla inn tøy i vårt område og frakta det til hovud-

staden. Så no kan pengane frå utloddinga gå til å kjøpa inn garn.

Arbeidet i gruppa er god læring for konfirmantane. I vårt land har me rikeleg av alt, og konfirmantane snakkar om kor mykje dei håpar å få til konfirmasjonen, og så kan eit garnøste redde livet til eit barn.

God kvalitet på garnet

Men prosjektet har ikkje berre engasjert konfirmantane. Folk som ikkje har vore i kyrkja på årevis, kjem med bereposar fulle med ullgarn. Mange strikkar sjølve og gjev ferdige klede til prosjektet. Somme har kjøpt for tusenvis av kroner i garn og strikka og kome med. Eit nøste med ullgarn kostar gjerne 50 kroner, og det går 4-5 på eit teppe.

– Det har vore flott kvalitet både på garnet me har fått som gåve, og det som er ferdig strikka. Enkelte av dei som har vore med å strikka, er over nitti. Ja, ordet om prosjektet har nådd langt utover Arna, så 50-årskonfirmantar har kome til jubileet med ein pose garn under armen.

Velkomen til Sakkeus open barnehage!

Måndagar kl. 9-15 i kyrkjelydshuset i Arna. Innanfor opningstida kan du komme og gå som det passar. Vi følgjer skuleruta sine feriar og fridagar. I open barnehage er det god tid til leik og aktivitet for barna, medan dei vaksne kan prate over ein kaffikopp.

Dei største barna kan kose seg med hobbyaktivitetar, og nokre gonger bakar vi eller lagar noko anna godt til føremiddagsmaten. Kl. 11 er det songstund. Då samlast barn og vaksne til ei kosostund med fargerike songkort, gitar og såpebobler. Etterpå dekker vi langbord med kaffi /te og saft, og et matpakka i godt selskap.



I tida fram mot jul vil songstunda og aktivitetane bli prega av advent og juleførebuing. Følg oss på facebook: **Sakkeus åpen barnehage**, der finn du vår aktivitetsplan.

Velkommen til
julekonsert med
Ytre Arna Vokal

Dirigert Bjørn Bergmann



18. desember kl. 18
i
Ytre Arna Kyrkje

Billetter kr 150,-. Kan kjøpes av medlemmer, eller ved inngangen. Vi har Vipps.



Biskopen kjem på visitas

6-8. og 11. desember held biskop Halvor Nordhaug visitas i Arna og Ytre Arna sokn. Sist det var visitas var i 2013.



KJEM PÅ VISITAS: Det er lagt opp til eit omfattande program når biskop Halvor Nordhaug kjem på visitas. (Foto: Jens Eldøy).

Visitasen er ein gamal institusjon. Formålet er å støtta, inspirera og rettleia kyrkjelydar og tilsette, og gjera kyrkja sitt nærver synleg i lokalsamfunnet.

Saman med sokneråd og tilsette skal biskopen under visitasen gå inn i eit felles arbeid for å prøva det som skjer i kyrkjelyden på Guds ord og kyrkja si vedkjenning, og inspirera til frimod og fornying.

Det er lagt opp til eit omfattande program. Biskopen skal møta dei tilsette og sokneråd. Han skal møta næringsliv (Oleana), og han skal møta skule og lærarar. Han blir med på julemiddagen på seniorsentret, og han blir med på andakt på Arna helseheim. Han blir med på skulegudsteneste og julevandring med barnehage, og han blir med på gudsteneste for Klubben for utviklingshemma. Og han vil sjølvstilt møta kyrkjelydane og alle dei uløna medarbeidarane.

Vi inviterer difor alle til felles fest for Arna og Ytre Arna i Arna kyrkjelydshus torsdag 8. desember kl. 18.30. Første del av festen føregår i kyrkja, i form av ein «salmefest». Kyrkjekoret, Ytre Arna vokal og Smiling tensing blir med, saman med band. Deretter går forsamlinga over i kyrkjelydshuset. Sondag 11. desember blir det så felles visitasgudsteneste for Arna og Ytre Arna kyrkjelyd i Arna kyrkje kl. 11. Etter gudstenesta held biskopen visitasforedrag, og deretter blir det kyrkjekaffi.

Alpha-kurs i Bedehuset

Ytre Arna Indremisjon og Ytre Arna Kyrkje har starta opp Alpha-kurs i Bedehuset i Ytre Arna.

TEKST: MARTIN RISØY

Alpha-kurset er spesielt retta mot innvandrar. Kanskje du kjenner ein innvandrar som du kan invitara? Tidspunktet er kvar måndag frå kl. 19.00 til 20.30. Kurset starta opp 7. november, og går fram til 5. desember i år, og frå 9. januar til 30. januar 2017.

På første samlinga kom det 19 stykke. Desse kom frå mange

ulike land, og har ulikt språk. Dei fleste er muslimar. Solfrid Stein og Bjarte Vesetvik frå indremisjonen og Marit Bjørsvik og Ingvar Fløysvik frå kyrkja står for gjennomføringa av kurset.

Vi utfordrar deg til å vera med i forbøn for desse samlingane. Be for:

- Gode samlingar, både andeleg og sosialt.
- Utfordringar på grunn av ulike språk og kulturar.
- At evangeliet om Jesus kan nå inn til deltakarane.
- Ingvar som har ansvar for undervisninga.
- Marit, Solfrid og Bjarte, som skal vera leiarar for samtalegruppene.

Fra en annen tid

32 juleappelsiner

Jeg begynte i første klasse på Ytre Sandviken skole i 1951. Jeg hadde fylt seks år i mai, og var den yngste i klassen, en gutteklasse på 32 småjævler.

TEKST: VILHELM BJERKNES

Den gulmalte skolen besto av tre bygninger. En enetasjes bygning mot nord, der det nå ligger et legekontor, og et toetasjes trehus mot sør. Mellom de to husene var det et åpent uværskur. Og så var det «dohuset» eller «dritaren», et enetasjes lite hus med pulltak og kagedo mot vest.

Vi hadde klasserom i det lave huset med vinduer mot plassen. Guttene i klassen kom fra Jægermyren i sør til Helleneset i nord, fra Øyjorden i øst til Eikeviken i vest.

Frøken Helland ble vår klasseforstander, og underviste oss i alle fag. Hun var nyutdannet lærer, og vi var hennes første klasse. Hun var slank med mørkt, krøllet hår. Vi forgudet henne, alle 32.

Hun var alltid blid og mild, jeg kan aldri huske at hun var sint, men hun kunne bli fryktelig lei seg, særlig hvis det var mye bråk i klassen, og det

hendte ofte. Hun trampet i gulvet og slo hånden i kateteret. Hvis ikke det nyttet, satte hun seg ved kateteret med hendene foran øynene som om hun gråt, og ventet på at det skulle bli stille.

Av og til, hvis vi bråkte ekstra intenst og lenge, kom overlærer Stuland, som vi kalte «Stuten». Han var fryktelig streng, og nøt stor respekt, eller frykt, hos samtlige elever på skolen. Han behøvde bare å vise seg i døren til klasserommet, og det ble dødsstille. De som sto på pultene eller ikke satt på sin egen pult når Stuten kom inn, ble løftet etter øret og ført ut på gangen, der de måtte tilbringe resten av timen.

Kristendomstimene var spesielt interessante. Skolen hadde en rekke plansjer med motiver fra bibelhistorien. Det var kart over Jødeland, bilde av Daniel i løvehulen, David i kamp med Goliat, Jesus som tolvåring i tempelet i samtale med de skrifflærde og Jesus og disiplene rundt bordet før korsfestelsen. Jesus var alltid lett å identifisere fordi han var utstyrt med glorie på hodet. En gang kom det noen misjonærer og viste film


fra Palestina. For mange av oss var dette første gang vi så levende film.

Frøken Helland var svært religiøs, og underviste med innlevelse. Av og til hadde hun med seg gitar, og spilte og sang salmer og kristelige sanger. Guttene lærte fort, og flere av disse sangene husker jeg den dag i dag. «Våg og stå som Daniel», «Jeg vet en deilig have» og «Milde Jesus» hørte til standard-repertoaret. Jeg blir skuffet når jeg er på gudstjeneste i dag. Ingen av min barndoms salmer er i bruk i våre dager.

Frøken Helland var forlovet. Forloveden var engelskmann, men snakket bra norsk. Da vi hadde juleavslutning var spenningen stor, for da skulle forloveden komme på besøk i klassen. Han hadde med seg en kasse med appelsiner, én til hver av guttene. For mange av oss var dette første gangen vi smakte appelsin; en meget sjelden vare i årene etter krigen. Vi måtte ha hjelp til skrellingen. Sjelden har jeg siden smakt noe bedre enn denne min første appelsin! Forloveden ble selvsagt umåtelig populær.



APPELSINER PÅ JULEAVSLUTNINGEN: «Sjelden har jeg siden smakt noe bedre enn denne min første appelsin» skriver Wilhelm Bjerknnes. (Foto: Adriano Gadini / Creative Commons)



FEM ÅR: – Når jeg blir stor, har jeg lyst til å bli lege, sier Lavania (5). Sammen med familien har hun funnet trygghet fra IS i leiren Kabarto i Nord-Irak. (Alle foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp)

På flukt i julen

Lavania (5) fra Sinjar er på flukt fra IS sammen med familien sin. Lavania og familien hadde et godt liv i Sinjar, med eget hus i landsbyen Ger Azir. Så angrep IS.

TEKST: KIRKENS NØDHJELP

TILRETTELEGGING: MAGNE FONN HAFSKOR


– Vi hørte skudd og bomber og flyktet til Sinjar-fjellet. Lavania var bare tre år gammel den gangen, og hun sa hele tiden at hun trodde IS kom til å drepe oss, forteller moren Jazia Hassan.

Familien mistet besteforeldre og en tante og en onkel som ble igjen i landsbyen. De vet fremdeles ikke hva som skjedde med dem.

Flyktningleir i ødemarken

– På Sinjarfjellet, hvor vi var i ni dager, hadde vi problemer med mat og vann. Vi drakk melk fra sauer, forteller Jazia.

Nå har familien funnet trygghet i leiren Kabarto, et stykke utenfor Dohuk. Her bor 28.000 mennesker i hvite telt på rekke og rad, så langt øyet kan se, midt i den tørre ødemarken. Kirkens Nødhjelp sikrer rent vann og gode sanitær-
løsninger.



TRANGT OM Plassen: 28.000 mennesker lever sitt hverdagsliv i denne flyktningleiren i Kabarto hvor Kirkens Nødhjelp sikrer rent vann og gode sanitærløsninger.



LIVSVIKTIG KUNNSKAP: Håndvask og god hygiene forebygger vannrelaterte sykdommer og redder liv. Derfor er hygieneopplæring for barna en del av Kirkens Nødhjelps arbeid i flyktingleiren.

forhold for flyktingene. De gir også hygieneopplæring til barna.

– Livet i leiren er bra. Jeg har fått mange nye venner her, men jeg husker venninnene mine fra Sinjar. Jeg håper jeg får treffe dem igjen i fremtiden, sier Lavania.

Viktig bursdag

Hvert minutt dør elleve barn som ennå ikke har rukket å fylle fem år. 98,7 prosent av disse barna blir født i fattige land, og vannrelaterte sykdommer er blant de viktigste dødsårsakene. Fødselskomplikasjoner, feilernæring, meslinger og lungebetennelse er andre årsaker.

Kirkens Nødhjelp bidrar til å sikre en trygg fødsel, gode helsetjenester, rent vann, ernæring og trygghet til barn i fattige land og til barn som er på flukt.

Å fylle fem år, kan sammenliknes med å krysse en bro. Når et barn har fylt fem år, er muligheten for faktisk å få vokse opp, drastisk forbedret. Lavania fylte fem år i flyktingleiren Kabarto.

– Når jeg blir stor, vil jeg bli lege, forteller hun.

Et barn er født

I julen feirer vi Jesus som ble født i en stall for 2000 år siden. Denne julen vil vi også minne om barna som fødes inn i vår verden i dag – i fattige land som Malawi og Etiopia, eller på flukt fra krig og lidelse i Syria og Nord-Irak.

Fakta

Kirkens Nødhjelp

- I 1947 strakte norske menigheter ut en hjelpende hånd til Tysklands sivile ofre. Slik ble Kirkens Nødhjelp født.
- Nøden kjenner fortsatt ingen grenser. Kirkens Nødhjelp møter den med grenseløs nestekjærlighet.
- Fattigdom er urettferdighet. Det er nok rent vann og mat til alle, men spillereglene gjør de rikeste rikere og de fattigste fattigere.
- En katastrofe rammer alltid de fattigste hardest. For lite vann og forurenset vann tar ofte flest liv. Derfor er Kirkens Nødhjelp først på plass med rent vann.
- Det siste året har Kirkens Nødhjelp nådd flere millioner mennesker i katastrofesituasjoner, i flyktingleire og i fattige lokalsamfunn. Dette er mennesker som har opplevd varige forandringer på grunn av engasjementet og givergleden til alle som støtter organisasjonens arbeid.
- Gavekonto: 1594.22.87248
- Mer informasjon: www.kirkensnodhjelp.no

Husk at takket være din gave kan Kirkens Nødhjelp hjelpe mange av disse, blant annet ved å sikre rent vann til 28.000 mennesker i flyktingleiren der Sinjar bor – slik at enda flere kan få håp om å fylle fem år.

Omvendt adventskalender

For mange av oss, og særlig for barna, handler jula om å få gaver. Mange adventskalenderer er en oppvarming til gavedrysset, med daglige søtsaker eller små gaver. Men ekte julegleder handler også om å dele.

Kirkens Nødhjelps har laget en omvendt adventskalender som gir barna 24 muligheter til å reflektere, lære, skape og gjøre noe for andre. Kalenderen passer for barn mellom 7 og 11 år, og er først og fremst tenkt brukt i familien.

Adventskalenderen leveres i en pakke sammen med en liten gavebøsse. Bak noen av lukene skjuler det seg små utfordringer til å dele julegleden med noen av verdens fattigste. Barna kan ta med gavebøssa på julegudstjenesten og gi pengene i kollekten.

Adventskalenderen kan bestilles på www.kirkensnodhjelp.no/materiell. Den er gratis for menigheter og til bruk i trosopplæringstiltak. Kalenderen kan kjøpes av privatpersoner.



DEL JULEGLEDEN: Bak hver luke i den omvendte adventskalenderen skjuler det seg en utfordring til å skape og dele julegleder. Foto: Kristin Morseth / Kirkens Nødhjelp

Abbedissen
begravelsesbyrå as




Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90
Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

www.abbedissen.no

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. BERGEN VEST
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Åsane
Begravelsesbyrå

v/ Johannes R. Blom

55 18 90 00 Døgnvakt



E-post: aasane-b@online.no
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

Arna
GRAVFERDSBYRÅ

Ragnhild Th. Kristing
Marit I. Hope
Torstein A. Jenssen

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 24 08 08
www.arna-gravferdsbyraa.no
Lakslia 13 • 5261 Indre Arna



Koba Christensen
BEGRAVELSESBYRÅ

126 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.

- Gratis samtale i hjemmet
- Egen blomsteravdeling
- Alle prisklasser - forhåndspris
- Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** post@koba.no, www.koba.no

Dåp, konfirmasjon eller bryllup?

Vi har det du trenger for å dekke ditt nydelige festbord!

Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter, løpere, lysestaker, skåler, silkeblomster, bordkort m.m.

Fjøsangerveien 207 **Løiten Lys Bergen**
55 31 80 01



www.loiten-lys-bergen.no

Åsane Senter Kilden Senter Oasen Senter Sletten Senter

Alltid en anledning!

TOPPE BLOMSTER
- fra hjerte til hjerte

www.toppeblomster.no Tlf: 55 18 03 00



31 TRE seksten

BIBLER - BØKER - MUSIKK - FILM - KORT - GAVER

Åsane Storsenter 42 (rulletrapp opp fra Sport1)
TLF: 55 19 82 00

Begravelsesbyrået for byen og distriktet

Solstrands
Begravelsesbyrå as

www.solstrands.no
post@solstrands.no

DØGNVAKT • 55 55 16 16

Vår erfaring – din trygghet

Medlem av **VIRKE GRAVFERD**

FØRERKORT KL. B

– Fornøyde kunder
– Trygge sjåførere

Tlf. 92 26 66 33




JC INTERIØR

Kjøkken • Bad • Garderobe

Salhusveien 55, 5131 Nyborg
Tlf. 55 53 98 40
www.jcinterior.no

Besøk en av Norges største shop in shop



LENE BJERRE DESIGN™

Å leve med sorgen

Sorg er noe som angår alle mennesker, for det er en naturlig del av det å leve. Det å miste en av sine nære og kjære er en situasjon som de aller fleste vil oppleve før eller siden. Men det er ikke alle som finner hjelp til å bearbeide sin sorg.

TEKST OG FOTO: TOR D HANSON

I Åsane menighet har diakon Rita Eldholm i mange år arbeidet for å hjelpe mennesker som er i sorg. Først og fremst dreier det seg om å tilrettelegge for samling om sorg og sorgreaksjoner, og å invitere til sorggrupper.

En sorggruppe er en samtalegruppe hvor mennesker i sorg kan komme sammen for å snakke om sin sorg sammen med andre som er i samme situasjon. Den enkeltes opplevelse av sorgen er aldri helt lik en annens, men det er likevel mange ting ved det å være i sorg som en kan kjenne igjen hos hverandre.

Et sted å prate ut

Når en er med i en sorggruppe, kan en dele sine erfaringer med hverandre, og på den måten hjelpe hverandre til å komme videre i livet. Mange som har vært med i sorggruppe tidligere, forteller at det har vært godt å få være et sted å få prate ut om de vanskelige tingene uten å føle at de er til bry for andre.

Sorggruppen blir ledet av personer med lang erfaring i det å samtale med mennesker i sorg. I sorgarbeidet i Åsane menighet har Rita med seg to personer med lang «fartstid» innen sorgbearbeiding.

Pensjonert prost Magne Utle har vært prest i Åsane i 27 år. Magne var som yrkesaktiv med i bydelens kriseteam, og som prest har han samtalt mye med mennesker i sorg og livskriser.

Dagmund Flaktveit er utdannet sykepleier og diakon. Han har arbeidet som diakon i flere sammenhenger, blant annet som sykehjemsbestyrer i mange år. Han er nå pensjonist. Gjennom sitt arbeid samtalte han mye med mennesker i sorg. Det er Dagmund som de siste årene har ledet sorggruppene i Åsane menighet.

Tre tilbud

Rita forteller at menigheten årlig arrangerer tre tilbud for mennesker i sorg:

- På allehelgensdag (første søndag i november) er det minnegudstjeneste i Åsane gamle kirke hvor alle er velkommen. De som har mistet en av sine kjære siste året er spesielt invitert.
- Samling med foredrag om sorg og sorgreaksjon for alle som opplever sorg eller som ønsker å være til støtte for noen som er i sorg. Neste gang denne samlingen arrangeres er lørdag 14. januar 2017 i Torgstuen (Åsane kirke).
- Sorggruppene vil ha 6-8 samlinger i løpet av våren 2017.

Deltakerne har i stor utstrekning mulighet til å bestemme tema og vinkling av samtalen selv. Blant annet har det å få snakke om rent praktiske problemer knyttet til bil, hus og eiendom vært til stor hjelp for mange.



ÅPENT FOR ALLE: I sorgarbeidet i Åsane menighet har Rita Eldholm med seg Magne Utle (til venstre) og Dagmund Flaktveit, to personer med lang «fartstid» innen sorgbearbeiding.

Gjensidig taushetsplikt

I sorggruppen har man lov til å snakke om «min sorg» selv når omgivelsene tenker at nå er man «ferdig med sorgen». Det er en selvfølge at man har gjensidig taushetsplikt i sorggruppen.

– Alle som har behov, inviteres til å være med på arrangementene våre, sier Rita.

Dette er ikke bare for folk i Åsane menighet, eller for folk som føler en tilknytning til Den norske kirke. Gjennom menighetsbladet går invitasjonen ut til alle som bor i Åsane prosti.

– Tror du at dette tilbudet kan være til hjelp for deg, så er du velkommen!

Lørdag 14. januar kl. 12-15 blir det samling om sorg og sorgreaksjoner i Torgstuen i Åsane kirke. Samlingen er åpen for alle, men er spesielt rettet mot deg som opplever sorg, etter å ha mistet et menneske som stod deg nær.

Arrangør: Diakoniutvalget i Åsane menighet.

Kontaktperson: Rita Eldholm, tlf. 55362257 / epost: aasane.menighet@bergen.kirken.no

Hjelp til å leve med sorg

Du er velkommen til å bli med i en sorggruppe i Åsane menighet:

- 4-6 deltakere og 1-2 ledere
- 7-8 samlinger ca. annenhver uke.

Kontaktperson: Rita Eldholm, diakon i Åsane menighet
Tlf.: 55362257

Epost: aasane.menighet@bergen.kirken.no

Vinternatt på jorda

Den folkekjære og kritikarroste folkemusikaren, som bur i Sælegrend like ved Åsane storsenter, kom ut med jule-EPen *Vintersong* i fjor. «Sover vreden på jorda når det er natt?» er startlinja på tittel-songen herifrå, ord som også har gjeve tittel til ei rekkje med konsertar ho set opp tett opp mot jul.

TEKST: MAGNE FONN HAFSKOR

SPELAR JULEKONSERT PÅ FLØYEN:

– Eg er oppteken av dei store spørsmåla, også i eigne tekstar, seier Sigrid Moldestad. (Foto: Magnus Skrede)



I den siste tida har ho også lagt ein del nynorske salmar til repertoaret sitt. «Sova under englevakt i stova» var tittelen på ein eigen salmekonsert ho gjorde i Bergen Domkirke under årets Kirkeautunnale. Tittelen på konserten var henta frå «Ned i vester soli glader», ein kveldsalm frå Eid i Nordfjord med tekst av læraren, presten og forfattaren Anders Hovden (1860-1943).

– Kva har salmane å sei oss i dag?
– Dei aller fleste kjenner ei slag trøyst i salmane; eit halmstrå ein held i når ein er i mørket, tek kveld, eller er i ein utfordrande situasjon med sjukdom eller tap. Her er mykje god poesi, og mange av dei tek opp dei store spørsmåla i livet. Eg tenkjer også på det inderlege i dei; på håpet som ligg der.

Fascinert av døden

– Du har sjølv skrive songar som tek opp alvorsame tema. Kunne du tenkje deg å få nokre av dei inn i salmeboka?
– Det har eg aldri tenkt over. Men eg er oppteken av dei store spørsmåla, også i eigne tekstar. Døden fascinerar meg litt; eg plar lese dødsannonsane i avisa, og lagar meg historiar av det eg les. Det er noko med det forgiengelege i livet, at alt er over, og korleis vi som er igjen stiller oss til det.

– *Dei aller fleste kjenner
ei slag trøyst i salmane;
eit halmstrå ein held
i når ein er i mørket.*

– Fryktar du døden?
– Alle gjer vel det; tanken på ikkje å leve lenger, noko som alle på eit eller anna tidspunkt har ei samtale med seg sjølv om.

– Skriv du songar om døden?
– Ja, men på eit meir subtilt vis. Eg skreiv *Herrelause sko* etter at fleire eg kjende døydde i løpet av kort tid. Det er alltid rart når slikt skjer.

Skjemt og alvor

– Den kunne vel blitt brukt som salme?
– Ja, heilt klart. Ein annan er *Tungt glir båten*, der eg nytta ein tekst av Jan Magnus Bruheim. Det blei absolutt ein salme. *Spelmannen* også, der eg om-sette Dag Anderssons svenske originaltekst til nynorsk.

Sistnemnde var med på albumet Taus frå 2007; ein tittel som fekk ei poetisk dobbeltyding i den vakre songen hennar: «Eg skal spele når de gravlegg dykkar kjære ned i jord / Eg skal spele heile sorga i ei vise utan ord / Og det svarte som var dauden, og som helsa dykkar kveld / det skal fosse som ei strøymande sorg frå min streng» syng ho, før ein svingande og melankolsk felesolo tek over.

Det er verkeleg sant; musikken tek opp tråden der orda ikkje strekk til.

Vestlandsturné med julekonserten Vintersong: Voss Kino, torsdag 15. desember / Sogndal kulturhus, fredag 16. desember / Florø samfunnshus, laurdag 17. desember / Trivselshagen i Sandane, søndag 18. desember / Fløyen i Bergen, måndag 19. desember.

Fakta

Sigrd Moldestad

- Felespelaren og songaren Sigrd Moldestad (f. 1972) er fødd og vaks opp i Breim i Nordfjord, og tok utdanning ved Ole Bull-akademiet på Voss.
- Saman med Liv Merete Kroken har ho gjeve ut to plater som duoen Spindel: Spindel (2001) og Aminje (2005).
- Trioinnspelninga Gamaltrnymalt (saman med Håkon Høgemo og Einar Mjølunes), som kom i 2005, blei tildelt Spelemannsprisen i klassen folke-musikk/gamaldans.
- Ho debuterte som soloartist med albumet Taus (2007), som blei tildelt Spelemannsprisen i same klasse.
- Sidan har ho gjeve ut tre album til: Sandkom (2010), Himlen har sove bort mørkret (2010) og Brevet til kjærleiken (2014).

- Like før jul i fjor kom ho ut med ein eigen EP knytt til høgtida.
- Den doble samle-cden «Så ta mitt hjerte» kom også ifjor, inkludert to av julesongane hennar (Vintersong og Mot Jol).
- *Meir informasjon:*
facebook.com/sigrdmoledstad



DEI BESTE SONGANE: Den doble samle-cden *Så ta mitt hjerte* inkluderer to av Sigrd Moldestads egne julesongar.

Nytt liv til gammel tradisjon

Det er snart jul, og i år vekkes den gode, gamle tradisjonen med et kristent julehefte igjen: «Hellig jul».

Vårt Land Forlag står sammen med Egmont Publishing for utgivelsen av dette vakre juleheftet med stoff i alle sjangre - alt fra verdenskunsten som «skapte» juleevangeliet til et intervju med salmedikeren Eyvind Skeie, som snakker om juleaften som «mulighetens kveld».

Det er nyskrevne noveller av Bjørn Sortland, Laura Djupvik og Arne Berggren - og artikler om juleskikker og oppbyggelige stykker av blant andre Wilfrid Stinissen og Egil Svartdahl. «Barnet» går som en rød tråd gjennom tekstene. Jesu fødsel er den største og mest toneangivende av alle fødsler, han trosset mørket på jorden, han kom for å frelse. Rundt ham står alle barn til alle tider, i alle aldre og i hver krok av verden. Også i dette juleheftet.

Tradisjonen med kristne julehefter er lang. Det toppet seg i årene før siste verdenskrig - noen av dem gikk i enorme opplag. De store, påkostede bladene var et dannelsesprosjekt: Slik kom litteratur og varm kunnskap om julens rette mening inn i hjemmene. De ble lest, og de ble lest høyt. Så stanset tradisjonen, mer eller mindre.

Hellig jul er et samarbeid mellom Vårt Land forlag og Egmont publishing.



KRISTENT JULEHEFTE: Hellig Jul trykkes i et opplag på 40.000 eksemplarer, og vil være tilgjengelig over hele landet fra slutten av november.

Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina

v/Tro-Håp-Kjærlighet

Første og siste lørdag i mnd. kl. 12-14.00
v/Lærerhøgskolen på Breistein, Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekk

Kontaktperson: 99 64 24 70

www.thk.no

VI TRENGER FRIVILLIGE.


Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på
kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.



**KIRKENS
SOS**



SER IKKE HUDFARGER: – Rasisme handler vel aller minst om hvordan en person ser ut. Før sa vi fremmedfrykt, nå er det blitt mer egoisme blant folk, sier Kurt Ove Mæland.

Kurt Oves ærlige sanger

– Jeg kan se lys, det er det hele, sier Kurt Ove Mæland, som har vært blind hele livet. Nå er låtskriveren fra Morvik i Åsane ute med sin andre cd-plate.

TEKST OG FOTO: MAGNE FONN HAFSKOR

Tekstene hans er personlige, uten at det nødvendigvis betyr at de er selvbiografiske. Han henter like mye fra ting han har hørt om som fra egne erfaringer.

– Det skal være en ærlighet i det jeg skriver, på den måten at det er noe jeg kunne ha opplevd. Det viktigste er at jeg kan mene det jeg synger, selv om det ikke er noe jeg har opplevd selv, sier han.

En sang han skrev ut fra seg selv, er «Gi deg alt», som handler om å være tenåringsfar, og hvordan man kommer til kort da.

– En mor kom bort til meg etter en konsert, og sa at den teksten fikk henne til å gråte. Det jeg har lyst til, er at folk skal kjenne på følelser. Jeg skriver

alltid melodiene først. Da får sangen en stemning, slik at ordene nesten kommer av seg selv, forteller artisten, som er født uten å kunne se.

– Jeg tenker ofte at noe bittelite som du gjør mot en person kan bety mye.

Lyssansen er intakt

– Kan du se farger eller former i drømme?

– Veldig mange spør om det. Du drømmer slik din verden er, jeg drømmer slik min er. Det er ikke slik at jeg plutselig ser i drømme, sier han.

– Drømmer bygger på erfaringer. For meg betyr ikke det å ikke se så veldig mye. Jeg bryr meg katten om en person er lys eller mørk. Det er ikke det som er storyen min. Jeg er mer opptatt av hvordan personen snakker, hvordan jeg hører om vedkommende smiler, eller om det lukter svette.

– Du bruker mer andre sanser?

– Jeg bruker de samme sansene som deg, bortsett fra at du ser meg. For meg er det likegyldig om du er tykk eller tynn; har hår på hodet eller er skallet.

– Du har færre fordommer, da?

– Ja, eller andre fordommer, kanskje.

Fremmedfrykt og egoisme

- Det er vel ikke så lett å være rasist, når du ikke kan se hudfargen?
- Jeg kan være det, men jeg håper at jeg ikke er det. Rasisme handler vel aller minst om hvordan en person ser ut. Før sa vi fremmedfrykt, nå er det blitt mer egoisme blant folk.
- Ligger det en personlig tro i bunnen av tekstene dine?
- Jeg er ikke av de som snakker mye om det, men jeg har en tro. Den gir meg en trygghet, og en retning for hvordan man bør være mot andre.
- Hva tenker du om personen Jesus?
- Han hadde meningers mot, og kommuniserte bra gjennom måten han brukte bilder. Jeg liker det han sier om det å bry seg, å gi kjærlighet til de som mange heller vil gå forbi.

Gjør mot andre det du vil andre skal gjøre mot deg

Han siterer det han husker fra de alltid aktuelle ordene i Matteusevangeliets kapittel 25, vers 35-36: «*For jeg var sulten, og dere ga meg mat; jeg var tørst, og dere ga meg drikke; jeg var fremmed, og dere tok imot meg; jeg var naken, og dere kledde meg; jeg var syk, og dere så til meg; jeg var i fengsel, og dere besøkte meg*».

- Jeg synes nordmenn er blitt mer selvsentrerte, og ikke så opptatt av å dele. Vi er også blitt mer fordomsfulle. Dersom det kommer én IS-sympatisør til Norge, så skal ikke en eneste muslim slippes inn. Det er mye generaliseringer over grupper og minoriteter, mener han.
- Tittelen på platen min, Kom helt inn, dreier seg om dette. Jeg tenker ofte at noe bittelite som du gjør mot en person kan bety mye.

Fakta

Kurt Ove Mæland

- Født blind.
- Oppvokst i Morvik i Åsane, der han fortsatt bor.
- Gift, to barn i alderen 11 og 15.
- Ansatt i 35 prosent stilling som frivillighetskoordinator i Salhus menighet.
- Jobbet tidligere som radiojournalist i NRK Hordaland (1996-2000).
- Tidligere band: Det Norske (sammen med Odd Nordstoga) og Kurt Oves (sammen med blant andre Thomas Numme og Kjartan Bjånesøy).
- Plateutgivelser: Takk (2014) og Kom helt inn (2016).
- På begge platene har han med et fast band bestående av Einar Kaslegard (bass), Dag Roness (gitarer), Hildegunn Pernille Mellingen (sang), Eirik Børsheim (tangenter) og Marius Mathisen (trommer/perkusjon, kor).
- Selv spiller han akustisk gitar og synger.



NYTT ALBUM: I tittellåten på det nye albumet, *Kom helt inn*, tar Kurt Ove Mæland klar stilling i flyktningdebatten. Her er ellers sanger om det å være tenåringsfar, om livet i familien - og om en morfar som i Kurt Oves øyne var tøffere enn alle, og en trygghet i en turbulent tid under den kalde krigen.

Julegave til gospelfansen

20 år etter Spirit Come kommer Terje Kleppe og GospelCompagniet med det nye trippel-albumet *Salig blanding*.

For de som ikke kjenner dem fra før, så er GospelCompagniet et prosjektkor fra Bergen med 20 sangere. Dirigent, komponist, pianist og arrangør er Terje Kleppe. De startet opp høsten 1993, i forbindelse med Rune Larsens julekonserter i Grieg-hallen.

Siden har de gjort mange opptredener, og koret for artister som Carola, Sissel, Heine Totland, Bjørn Eidsvåg, Jøran Fristorp, Sigvart Dagsland, Rune Larsen, Tor Endresen og Elisabeth Andreassen. På korets eget repertoar står gospellåter, salmer og julesanger komponert og arrangert av korets dirigent, Terje Kleppe.

Deres nye trippel-CD har har, som tittelen sier, en «salig blanding» av gospel, salmer

og julesanger. Gospelmaterialet er Terje Kleppes egne låter, pluss et par coverlåter, salmene er arrangert av Kleppe for kor, solister, flygel (Torjus Vierli), Hammond-orgel (David Wallumrød), og trompet/flygelhorn (Jan Magne Førde), mens jule-repertoaret består av tre nye sanger signert Kleppe. I tillegg er det fire kjente julesanger i arrangement av Kleppe. Noen med bare flygel, noen med flygel og brass-kvintett (The Brazz Brothers), og noen med fullt komp.

Mer informasjon: musikkent.no
(Musikkentreprenørene)



Ein salmediktar for vår tid

Han vil ikkje bli kalla salmediktar, men berre diktar. For Edvard Hoem vert det likevel same sak. Salmane med hans signatur i den nye salmeboka fortel om ein som har dikta vår eiga samtid inn i den norske salmeskatten.

TEKST: DAG SUNNANÅ



DAGSAKTUELLE SALMAR: Edvard Hoem, fotografert under salmekvelden i Knarvik, skriv salmetekstar som gjev oss både poesi og sterke bilete frå vår verd i dag. (Foto: Arthur Kleiveland).

Dette kom tydeleg fram då Edvard Hoem gjesta ei fullsett Knarvik kyrkje søndag 25. september. Her fortalde forfattaren levande og på sin lune og humoristiske måte om korleis dei åtte salmane på programmet denne salmekvelden vart til.

I alt har Hoem skrive 11 salmar som har fått plass i den nye salmeboka. I tillegg har han omsett til klingande nynorsk den kjende afro-amerikanske spiritual *Nobody knows the trouble I've Seen*.

Julesong frå Sandviken

Salmediktinga starta eigentleg i Sandviken i Bergen, der Hoem sin son Henrik var elev i fjerde klasse. Ein dag gav musikk lærar Ingrid Klovning elevane i oppgåve å lage kvar sin melodi. Det var då unge Henrik rekte opp handa og kunne fortelje at far hans var diktar. Dette var Klovning på det reine med, og bad Henrik spørje far sin om han ville skrive ein julesong til klassen.

Salmen var ferdig rett før jul i 1983, og Hoem ringde sin gode ven Henning Sommerro for å høyre om han kunne skrive ein melodi til julesongen, seinare kjend under tittelen *Den fattige Gud*. Og melodien kom dagen etter attende til fjerdeklassingane i Sandviken - på faks, fortalde Hoem.

Det skulle likevel gå år før salmebokkomiteen vågde å ta inn salmen i nye utgåver av salmeboka. Salmen på nr. 740 er

heller ikkje plassert blant dei andre meir kjende julesongane i Norsk salmebok 2013, men i bolken «Rettferd og fred». Teksten var nok for radikal i første omgang. Hoem, son av ein emissær frå Romsdal, var jo kjend som radikal med engasjement mot amerikansk krigføring i Vietnam og mot kapitalen og pengemakta i heimlandet.

Krafftulle tekstar

Etter «debuten» i Sandviken kom det fleire salmar frå Hoem - gjerne på oppmoding frå vener. Og tekstane inneheld sterke bilete og kan vere brutalt dagsaktuelle, som i salmen Kvar er du, Gud?, der andre verset lyder slik: «*Da minnest vi hans kjærleiks ord: Blant dei forkomne held han hus, han er i natt der bror drep bror, i dødens einsemd, vald og rus. På flukt, i fengsel og eksil, der kvinner gret i spott og skam, der håpet sloknar held han til. Der skal hans rike stige fram*».

Det er vel verdt å lese Edvard Hoem også som den poet og omsetjar han er. Tekstane er sterke i seg sjølve, men misser ikkje si kraft når salmemelodiane er med og gjer budskapet ekstra nær og levande.

Utanom Henning Sommerro, som har tonesett dei fleste av Hoems salmar, finn vi komponistar som Trond H. F. Kverno, Henrik Ødegaard, Knut Anders Vestad og Håkon Berge. Det er difor god grunn til å setje Hoem sine salmar på salmesetelen ved gudstenester - også for tonane si skuld.

Den fattige Gud

*Eit lite barn voks opp til mann
og sa at han var Gud.
Han levde slik som andre, han,
og såg heilt vanleg ut.
Hans rike låg langt borte frå
all sorg og vondskap i vår verd
og enda bed han oss forstå
at det er inni oss det er.*

*Han sa: Ein fattig går forbi,
og det er meg du ser.
Men vi ser millionar, vi,
i svoltens store hær.
Og når vi veit kva vi har gjort
mot alle desse dine små,
forstår du at vi snur oss bort
ifrå den Gud vi skulle sjå.*

*Men er det sant at dei som bur
i svolten kring vår jord,
er Gud som menneske, da trur
vi òg at du er stor.
Når svoltens hær frå land til land
bryt opp og krev ei anna verd,
vil vi forstå med vår forstand
kva for ein mektig Gud du er.*

(Norsk salmebok nr. 740.)

Tekst: Edvard Hoem / melodi: Henning Sommerro)



I ÅSANE KIRKE



STJERNEN ÅPEN BARNEHAGE

for barn fra 0 til 6 år sammen med voksen

- ▶ Mandag fra kl 09.00 til 14.30
- ▶ Onsdag fra kl 09.00 til 14.00
- ▶ Torsdag fra kl 09.00 til 14.30

- ▶ **Babysang** for de minste hver mandag og torsdag kl 12.00
- ▶ Mange kjekke aktiviteter for de litt større, og egne grupper for 4- og 6-åringene
- ▶ Fellesaktiviteter for hele familien



www.aasanemenighet.no
 Facebook-side: «Stjernen Åpen barnehage»



Stå opp for hverandre

Andre søndag i adventstiden er bare noen uker unna. Da markerer mange menigheter Menneskerettighets søndagen, med fokus på fred og rettferdighet.

Hvert år setter menigheter fokus på et globalt tema i forbindelse med FNs menneskerettighetsdag 10. desember. Temaet i år er Retten til et liv uten vold.

Vold og seksuelle overgrep er en global utfordring, og et brudd på menneskerettighetene. «Noen må våke i verdens natt, noen må tro i mørket,» bønnfaller den kjente salmen. Denne oppfordringen blir ekstra sterk i møte med mennesker som har blitt utsatt for vold og overgrep.

I desember 2016 er det 20 år siden Kirkelig Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep offisielt ble åpnet. Sammen med Den norske kirke, Norges Kristne Råd og Kirkens Nødhjelp har de utviklet aktuelt ressursmaterieell til dette temaet, som de nå håper menigheten vil ta i bruk - enten på 2. søndag i advent eller ved andre passende anledninger.

Mer informasjon: www.kirkeligressurssenter.no og www.kirken.no



BRODERT HUSTAVLE: Hustavlen fra Kirkelig Ressurssenter peker på betydningen av å skape trygge rom for å redusere risikoen for vold. Hustavle-postkort på bokmål eller nynorsk kan bestilles tilsendt.

Kjære leser!

Tiden flyr, fortsatt blir dagene kortere, det nærmer seg raskt solnsnu, julehøytid og årsskifte, og en ny utgave av menighetsbladet er kommet.

Stor takk til alle dere som har bidratt økonomisk til bladet, dette er med på å gjøre det mulig å utgi bladet. Vi er frimodige nok til å vedlegge en giro i dette bladet i håp om mulig bidrag til fortsatt utgivelse.



Det er som tidligere nevnt mulig å få skattefradrag på gaver der totalt årsbeløp overstiger kr 500.

På forhånd takk til de som finner anledning!

Vennlig hilsen
Bjørn Otto Aarheim,
styreleder for menighetsbladene
i Åsane prosti

KAFÉ

Hellen

ÅPNINGSTIDER

MANDAG – FREDAG KL. 10.00–19.00
LØRDAG – SØNDAG KL. 11.00–16.30

Du finner oss på Bergen Røde Kors Sykehjem,
Ellerhusensvei 35.
Du finner oss også på facebook.

www.eidsvaagauto.no – Følg oss på Facebook



EIDSVÅG AUTO AS

Aut. bilverksted • Karrosseri
Lakkeringsverksted
Eidsvågbakken 21 - 5105 Eidsvåg



MCA
CAR SERVICE
GODKJENT
VERKSTED

Tlf. 55 25 10 20

ASTRI VÅRDAL

statsautorisert revisor, autorisert regnskapsfører
Ytre Arna - tlf 55 53 14 94

- Revisjon: aksjeselskap, stiftelser, borettslag mm.
- Regnskapsføring.

astri@vaardal.no - <http://www.vaardal.no>

Ull er omsorg



JANUS
www.janus.no
Since 1895

Besøk oss gjerne på Janus
Kultursenter på Espeland



Kleiveland A.S

Ur og Gull

www.kleivelanduroggull.no
Åsane Storsenter tlf 55191800
Øyrane Torg tlf 55240496



Noen av julens konserter

- **Cantus Sororum og Fanatalentene synger A Ceremony of Carols av Benjamin Britten.** Det blir også andre julesanger, levende lys og alt som hører til mens vi venter på julen. Åsane kirke, lørdag 26. november kl. 18.00. Billetter kr. 150,- / redusert pris ved forhåndssalg. Arr.: Cantus Sororum, Åsane kirke, med støtte fra Kulturrådet.
- **Lysmesse med Li barnegospel i Åsane kirke,** torsdag 1. desember kl. 18.00.
- **Tradisjonell julekonsert i Salhus:** Salhusknytingane, Con Spirito, Mjølkeråen skolemusikk, Salhus og Hordvik skolekorps. Kollekt til Kirkens SOS. Salhus kirke, søndag 11. desember kl. 18.00.
- **Den vimsete engelen:** En helt ny juleforestilling av og med Veslemøy Fluge Berg, sammen med barn fra Biskopshavn guttekor og aspirantkor (dirigert av Tonje Eriksen Askeland) og musikerne Peter Sæverud, Kristian Wedberg og Jan Tore Næss. Biskopshavn kirke, fredag 16. desember kl. 18.00. Billetter kr. 150,-/75,- i døren.
- **Julekonsert med Ytre Arna Vokal:** Ytre Arna kyrkje, søndag 18. desember. Dirigent: Bjørn Bergmann. Billetter kr. 150,- kan kjøpes fra korets medlemmer eller ved inngangen.
- **Julemusikk for alle aldre:** Biskopshavn barne- og ungdomskor og Hellen skoles musikkorps holder julekonsert i Biskopshavn kirke søndag 18. desember kl. 18.00. Entré kr. 100,- / barn under 18 år gratis.



Cantus Sororum.



Rolf's Matbu og Selskappsservice

EIDSVÅG I ÅSANE • 25 ÅRS ERFARING

Vi leverer eller du henter!

VI LAGER MAT TIL:

- Konfirmasjon
- Dåp
- Runde dager
- Kurs
- Minnestunder

Eidsvågveien 150 • 5105 Eidsvåg i Åsane
Tlf: 55 29 26 32 • post@rolfsmatbu.no
www.rolfsmatbu.no

Advokatfirmaet

Sigrun Pedersen M.N.A.

Arv/gaver
Barnerett
Familierett
– sambo/ekteskap
Samlivsbrudd

Kjøp/salg fast eiendom
– bolig/hytte

Littleåsvg. 49, 5132 Nyborg.
Inng. C, 3. etg. (Bergen Kontorhotell)

Tlf.: 55 18 86 00
advokat.sigrun.pedersen@hotmail.com

Pris på bad innen 5 dager!

Tlf.: 952 25 603 • mail: post@aogbygg.no

AOG BYGG AS

www.aogbygg.no

Tru i kvardagen

Om kva som er viktig

Ein gong var eg ein millimeter frå døden. Nevrokirurgen på sjukehuset sa det. Etter den dagen kjøper eg ikkje lenger lodd i penge-lotteriet. For eg hadde alt vunne.

TEKST OG FOTO: OLAV VIKSE • OLAV@VIKSE.COM



MANGE SOM TRENG HJELP: «Eg lever medan eg lever. Og ikkje berre for meg sjølv, slik Meistaren seier. Eg lever for dei som kjem frå Irak, Syria og rusblokka på Lone også» skriv Olav Vikse.

Ingen kan vinne meir enn livet. Og seinare har eg vunne igjen. For eg lever framleis. Og eg ser godt, takka vera legane på augeavdelinga på Haukeland sjukehus. Utan dei hadde eg gått med kvit stoff. Hadde dei ikkje gitt meg insulin i 1974, hadde eg vore daud lenge nå.

Men eg lever i Norge. Her har eg alt eg treng. Om eg var ufør i Kinshasa, hadde eg vore tiggjar på eit gatehjørne, som rumenarane er det i Bergen. Som ikkje har NAV der dei kjem frå.

Er vi lukkelege, du og eg? Eller vil vi ha meir? «Kva skal eg med meir enn nok?» spurde ein quechua-indianar meg ein gong på Altiplano i Peru. Eg lurte på kvifor han ikkje skaffa seg enda ein butikk når det gjekk så fint med den han alt hadde. Svaret hans har eg aldri gløymt. I gata vår er det mange som tener meir enn meg, les eg i Bygdanytt. Tre gonger så mykje og fire. Men dei skal same vegen som meg, dei óg.

Har du skore av navlestrengen på dottera di nokon gong? Eller spadd jord på kisteloket til mor di? Inngang og utgang. Mellom der er livet. Det eine eg fekk her nede. Så difor lever eg medan eg lever. Og ikkje berre for meg sjølv, slik Meistaren seier. Eg lever for dei som kjem frå Irak, Syria og rusblokka på Lone også.

Vi går aldri tom for menneske vi kan hjelpe, du og eg. Eg prøver å halde fast på det som er viktig.

Salmefest

Arna og Ytre Arna sokneråd inviterer til **medarbeidersamling** saman med biskopen i Arna kyrkje torsdag 8. desember kl. 19

- Salmesong saman med kora i Arna og Ytre Arna
- Helsing til frivillege medarbeidarar frå biskopen.
- Enkel servering i kyrkjelydshuset etter salmefesten.

Hjarteleg velkommen!

Til alle i Ytre Arna

Treng du nokon å samtala med? Då kan du ringja diakonen vår, Marit Bjørsvik, på 480 23 145 og avtala tid.

LYS VÅKEN I ARNA KYRKJE

**ER DU FØDD I 2005?
VIL DU SOVE EI NATT I ARNA KYRKJE?
DÅ MÅ DU HALDE AV HELGA 21.-22.
JANUAR 2017!**

Denne helga arrangerer vi Lys vaken med **overnatting i Arna kyrkje.**

Vi skal leike, bli kjent, ete, utforske kyrkja, syngje og lage gudsteneste.

Lys vaken handlar om å vere lys vakne for det som skjer rundt oss.

Vi skal vere lys vakne for kvarandre, for Gud og for oss sjølve.

Det kjem brev i posten med program og det du treng å vite for å melde deg på.

Håpar du vil vere med!

Foreldre og andre er også velkomne til å vere med i ulike oppgåver: matlaging, nattevakt eller anna.

Minnegudsteneste

Sundag 8. januar kl. 18.00 blir alle som har mist nokon av sine kjære i løpet av 2016, særskilt inviterte til ei minnegudsteneste i Arna kyrkje. Tidlegare har vi gjort dette på ulike måtar; i mange år inviterte vi til høgmesse på Helgemessessundag / Allehelgensdag. I 2015 inviterte vi i staden til ei særskild minnegudsteneste om kvelden denne dagen. Men vi meiner det er eit endå betre alternativ å ha ei slik gudsteneste i samband med årsskiftet. Ved årsskiftet tek ein avskil med året som gjekk, med det gode og vonde som året gav oss. Samtidig ser vi inn i eit nytt år, med håp og forventningar, og legg alt i Guds hender.

Vel møtt til minnegudsteneste!



Kyrkjias plass i samfunnet

I desember vitjar biskop Halvor Nordhaug Arna og Ytre Arna. Han skal vera her i fleire dagar, og få eit inntrykk av korleis kyrkjelydane fungerer. Og på bakgrunn av dei inntrykk han har fått, vil han så gi oss rettleiing, oppmuntring og gode råd.

AV JAN KÅRE JAKOBSEN

Som ei førebuing til dette har eg i haust skrive på eit dokument om den åndelege situasjonen i kyrkjelydane (visitasmelding). Som ei innleiing har eg skrive eit lite avsnitt der eg stiller spørsmålet: Kva plass har kyrkja i Arna-samfunnet?

Det blir lett «synsing» når ein skal svara på eit slikt spørsmål; det er litt tilfeldig kva ein merkar seg - både av positive og negative ting. Eg skaffa meg difor nokre tal. Tala fortel at 76 prosent av arnabuane er medlem av Arna kyrkjelyd og Ytre-Arna kyrkjelyd (i tillegg kjem dei som er medlemmar av andre kyrkjesamfunn).

Etter alle oppslag om unøyaktige medlemsregister og, det siste året, høvet til å melda seg inn og ut på nettet, har vi grunn til å tru at medlemstalet etter kvart nærmar seg eit «riktig» tal. Sjølv sagt har desse medlemmane ulik grad av engasjement og tru. Men vi har grunn til å tru at dei som no er medlemmar, er det fordi dei ynskjer å vera det.

Eit spørsmål eg ynskjer å få svar på var: Har det skjedd endringar i folks haldningar sidan sist gong biskopen besøkte oss - i 2003? Eg gjekk då til tala på døypte, og samanlikna dei med talet på fødde, årskull for årskull. Vi ser då ei tydeleg utvikling: Dei fire siste åra har påfallande færre blitt døypte i høve til dei som er fødde same året. Dette er ikkje noko vi utan vidare legg merke til, etter som dei absolutte dåpstala har vore rimeleg stabile (dei siste åra i underkant av 100). Og vi har mange positive møtepunkt med foreldre med småborn/nyfødde.

Tala seier sjølv sagt ikkje alt om kyrkjias plass i samfunnet; eg meiner likevel at dei er ein viktig indikator. No er rett nok kyrkjias plass i samfunnet meir eit spørsmål om *kvalitet* enn *kvantitet*. Det hjelper lite å vera mange dersom ein ikkje «vil» noko, står for noko, og ynskjer å nå ut.

Ingen spør etter ei kyrkje som er mest mogeleg lik «verda». Eg vågar den påstand at di betre kyrkja fungerer som *kyrkje*, di betre kan ho fungera som *folkekyrkje*, og di betre kan ho vera ei positiv kraft i samfunnet.

SLEKTERS GANG

Døypte:

ARNA SOKN

28.08.2016 AMANDA AADLAND DALE
28.08.2016 JØRGEN KVITTINGEN
18.09.2016 IDA MARIE SKAFTUN BYSHEIM
18.09.2016 LIVA HJORTLAND
18.09.2016 THEO TØKJE JØRGENSEN
18.09.2016 VICTORIA RASMUSSEN MARKHUS
25.09.2016 SOFIE FARESTVEIT KRAAKENES
25.09.2016 TIMONE MÆLAND ONARHEIM
25.09.2016 GARD JØRGEN MØLLERUP SAGBRÅTEN
02.10.2016 AMANDA CLAUSSEN
09.10.2016 SIGURD BJORDAL-AVEN
09.10.2016 MIA ALEXANDRA LISETH-NORMANN
09.10.2016 NIKLAS MOBERG-SIVERTSEN
16.10.2016 EMMA ISABELL MADSEN
16.10.2016 LEANDER-ANDREAS SKÅLEVIK
16.10.2016 DANIEL SKULSTAD
23.10.2016 SIMEN HAUGE REISTAD

YTRE ARNA SOKN

11.09.2016 LEA REIGSTAD STEPHANSEN
25.09.2016 RIKKE STEINSLAND
23.10.2016 GEA SOPHIE EVENSEN
06.11.2016 ELLA SOFIE SLETTEN PEDERSEN

Døde:

ARNA SOKN

Gravferd:

02.09.2016 AGNETE FRØYEN
06.09.2016 LARS STORLI
09.09.2016 ESTHER BERNTSEN
13.09.2016 HALDOR ROMSLO
27.09.2016 THEODOR BERNHARD ØIJORD
27.09.2016 KNUT ERIK LEKNES
30.09.2016 HELGA NÆVDAL
06.10.2016 DAGFRID FRANTZEN
30.09.2016 LAILA THERESE GREVE
07.10.2016 AUD REKSTEN HUSEBØ
06.10.2016 KRISTEN ÅMOT
07.10.2016 GUDRUN KLEIVELAND
11.10.2016 ASLAUG INGRID SOLBERG
11.10.2016 EINAR UNNELAND
14.10.2016 ASBJØRN ÅSGARD
28.10.2016 MARY SEIM
21.10.2016 ERLING JOHAN STEFFENSEN
25.10.2016 SIGNE BERIT ELLINGSEN
10.11.2016 KJERSTI EDVARDSDAL

YTRE ARNA SOKN

30.09.2016 ERNA GERD SÆTHER
04.10.2016 SJUR SVARTVEIT
14.10.2016 DUYN THI NGUYEN
08.11.2016 AGNES JULIE MÆHLE

Vigde:

ARNA SOKN

03.09.2016 HILDE EIDE JØRGENSEN
OG PETER VENSET

YTRE ARNA SOKN

22.10.2016 GUNTA MIHNICOCA
OG MAGNAR NIKOLAI HELGÅS
08.10.2016 ELISABETH KVALVÅG OG THOR KALLAND

Velkommen til kyrkje

27.11.2016

1. søndag i adventstida - Matt 21,1-11

Arna kyrkje kl. 11:00: Temagudsteneste: «Det står skrive». Om forholdet mellom det gamle og det nye testamentet. Arvid Andreas Fosse. Dåp og Nattverd. Takkoffer til Kirkens ressurscenter mot vold og seksuelle overgrep.

Ytre Arna kyrkje kl. 19:00: Lysmesse. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet..

04.12.2016

2. søndag i adventstida - Joh 14,1-4

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Arvid Andreas Fosse. Dåp, Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet / Syningsrommet.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

11.12.2016

3. søndag i adventstida - Jes 35,1-10

Arna kyrkje kl. 11:00: Visitasgudsteneste med jazzpreg. Biskop Halvor Nordhaug, Arvid Andreas Fosse, Jan Kåre Jakobsen, Ingvar Fløysvik, Øystein Skauge. Takkoffer til Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag.

18.12.2016

4. søndag i adventstida - Luk 1,46-55

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Arvid Andreas Fosse. Dåp, Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Bymisjon Bergen. Sundagsskule.

24.12.2016

Julaftan - Luk 2,1-20

Arna kyrkje kl. 13:00 og 14:30: Familiegudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Arna kyrkje kl. 16:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Ytre Arna kyrkje kl. 15:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Arna skulekorps. Takkoffer til SAT 7.

Ytre Arna kyrkje kl. 16:15: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Ytre Arna barnevokal. Takkoffer til misjonsprosjektet.

25.12.2016

Juledag - Joh 1,1-14

Arna kyrkje kl. 12:00: Høgtids-gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Ytre Arna kyrkje kl. 12:00: Høgtids-gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

31.12.2016

Nyårsaftan - Luk 13,6-9

Arna kyrkje kl. 23:15: Midnattsgudsteneste. Ingvar Fløysvik

01.01.2017

Nyårsdag - Luk 2,1

Arna kyrkje kl. 12:00: Gudsteneste. Arvid Andreas Fosse Nattverd. Takkoffer til Evangelisk orientmisjon.

08.01.2017

Kristi openberringsdag - Matt 2,1-12

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Dåp. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

Arna kyrkje kl. 18:00: Minnegudsteneste. Jan Kåre Jakobsen.

15.01.2017

2. søndag i openberringstida - Matt 3,13-17

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp. Takkoffer til misjonsprosjektet. Sundagsskule

22.01.2017

3. søndag i openberringstida - Joh 2,1-11

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Lys vaken. Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

29.01.2017

4. søndag i openberringstida - Luk 18,35-43

Arna kyrkje kl. 11:00: Temagudsteneste 1. Jan Kåre Jakobsen. Dåp, Nattverd. Takkoffer til Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet. Sundagsskule.

05.02.2017

5. søndag i openberringstida - Mark 2,1-12

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste med konfirmantdeltaking. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Felles bibeldagsgudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Bibelselskap. Sundagsskule.

12.02.2017

Såmannsundagen - Luk 8,4-15

Arna kyrkje kl. 11:00: Felles bibeldagsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Bibelselskap. Ingvar Fløysvik og pastorar. Sundagsskule.

19.02.2017

Kristi forklaringsdag - Matt 17,1-9

Arna kyrkje kl. 11:00: Temagudsteneste 2. Jan Kåre Jakobsen. Dåp, nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:00: Familie-gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd, takkoffer til Misjonsprosjektet Sat 7.

26.02.2017

Fastelavnsundag - 1 Kor 13,1-7

Arna kyrkje kl. 11:00: Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Dåp, nattverd, takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

YTRE ARNA OG ARNA KYRKJELYDAR

Tlf: 55 36 22 70

E-post: arna.menighet@kirken.no
ytre.arna.kyrkjelyd@kirken.no

Postadresse: Arna kyrkjekontor
Pb 64 Indre Arna, 5888 Bergen

Heimeside Arna kyrkjelyd: www.arnakyrkje.no

Heimeside Ytre Arna kyrkjelyd:
www.ytrearnakyrkje.no

Arna kyrkjelyd på Facebook:
www.facebook.com/arnakyrkje

Vil du gje ei gåve til kyrkjelydane?

Kontonummer Arna: 3633.07.10831
Kontonummer Ytre Arna: 3633.30.02625

Besøksadresse: Lakslia 21, (Kyrkjelydshuset)
Indre Arna

Opningstid: Tysdag til fredag 10-14
Torsdag 10-13

Kirketorget i Aasegården tar i mot henvendelser ang. dåp, vigsel og gravferd: Tlf.: 55 59 32 10.

Soknerådsleiar Arna: Kari Secher

Soknerådsleiar Ytre Arna: Jorunn Haukås

DEI TILSETTE I KYRKJELYDANE

Sokneprest Jan Kåre Jakobsen

E-post: jj656@kirken.no
Tlf: 55 36 22 74
Tlf: 55 24 42 48 – heim

Prest Arvid Fosse (Arna/Osterøy)

Epost: af667@kirken.no
Tlf.: 416 52 363

Sokneprest Ingvar Fløysvik

Epost: if952@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 75

Kateket Cathrine Snipsøy

Epost: cs262@kirken.no
Tlf: 55 36 22 72

Adm.leiar i Arna: Marianne W. Fanebust

Epost: mf934@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 71

Adm.leiar og medarbeidarkoordinator

i Ytre Arna: Bente Veve

Epost: bv467@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 73

Medarbeidarkoordinator Arna: Møyfrid Opheim

Epost: mo532@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 78

Trusopplærar i Ytre Arna: Marianne V. Hjortland

Epost: mh798@kirken.no

Trusopplærar i Arna: Gro Eman

Epost: ge427@kirken.no

Kyrkjetenar Monica Ohr

Epost: mo886@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 76

Diakon Ytre Arna: Marit Bjørsvik

Epost: mb588@kirken.no

Kantor i Arna: Olav Arne Steinkopf,

Epost: os377@kirken.no
Tlf.: 55 36 22 98

Kantor i Ytre Arna: Bjørn Bergmann

Epost: bjorn.bergmann@bkkfiber.no

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen

Utgjevar: Sokneråda i Arna

Redaktøransvar: Magne Fonn Hafskor
mobil: 92294877 / epost: eyecu@online.no

Annonseansvarlig: Torill Hatlebrekke Husebø
Mobil: 995 50 787 / epost: thh@bkkfiber.no

Lokal redaksjonsnemnd: Tor Oddvar Holmefjord,
Ingvar Fløysvik, Harald Haugsvær og Audun Stølås.

Blad nr. 1 - 2017 kjem ut torsdag 9. februar.

Frist for levering av stoff er: Fredag 13. januar.


Redaksjonen avsluttast: Fredag 20. januar.

Redaksjon kyrkjelydsblad Arna:

tor.holmefjord@bkkfiber.no

Vakthavande prest etter kl 17.00 og på

Søn- og helgedagar: Tlf. 954 79 157



RETURADRESSE:

Kyrkjelydsblad for Arna
Postboks 64 Indre Arna
5888 Bergen



Det lir mot jul

Det er med stor glede vi igjen presenterer ei oversikt over ulike advents- og julearrangement i kyrkjer og bedehus i Arna. Vi ber om orsaking viss noko har falle ut eller tidspunkt skulle vere feil. Merk at det er inngongspengar på fleire av konsertane. For lysmesser og julegudstenester, sjå gudstenestelista.

Ytre Arna

Felles julekonsert
 I Ytre Arna kyrkje søndag 11. desember kl. 16.00
 Andakt ved biskop Halvar Nordhaug

Julekonsert med Ytre Arna Vokal
 Søndag 18. desember kl. 18.00

Julekonsert med Arne sangforening
 I Ytre Arna kyrkje tysdag 20. desember kl. 19.30

Julefest for barn i Haugland bedehus
 Onsdag 28. desember kl. 17.00

Julefest i Haugland bedehus
 fredag 30. desember kl. 17.00

Arna

Julekonsert med Amazing
 I Arna kyrkje tysdag 6. desember kl. 19.00

Vi syng jula inn i Betamia Lone
 Søndag 11. desember kl. 16.00

Julekonsert med Arna og Ytre Arna Kyrkjekor og Smiling Tensing
 I Arna kyrkjelydshus tysdag 15. desember kl. 19.00

Julekonsert med Alliansekorpset
 I Arna kyrkje tysdag 16. desember kl. 18.00

Julekonsert: Juleglede med Vilde og Margit
 I Arna kyrkje laurdag 17. desember kl. 18.00

Julekonsert med Haukeland Songlag
 I Arna kyrkje søndag 18. desember kl. 18.00 og 20.30

Julekonsert med Unnelandskoret
 I Arna kyrkje onsdag 21. desember kl. 19.00

Julefest for heile familien i Betania Lone
 Tysdag 27. desember kl. 17.30

Julefest arrangert av Klubben for funksjonshemma
 I Arna kyrkjelydshus laurdag 7. januar kl. 16.00

Den gode arven frå Martin Luther

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 tesar mot avlatshandelen. Dermed starta den rekkja av hendingar som vi i dag kallar «reformasjonen».

TEKST: HALVOR NORDHAUG, BISKOP I BJØRGVIN

Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000 er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur og korleis vi lever saman som akkurat reformasjonen. Det er difor all mogleg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arven frå Martin Luther, nemleg gjenoppdaginga hans av evangeliet om Guds nåde. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjennombrøt slik: «(...) at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid. Mange opplever å bli møtt med både eigne og andre sine forventningar om å lukkast med skule, karriere, utsjånad og sosial status. Her blir kvar «si eiga lukkes smed».

Summen av alt dette kan lett opplevast som nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei meining og eit grunnlag for livet som held anten dei lukkast eller ikkje. Til dei som kjenner det slik, trur eg at Luther ville ha sagt: Senk skuldrane, rekk fram dine tomme hender, og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i felleskap med Gud som varer også etter døden.

(Innlegget er noko forkorta). Bergen er Noregs representant i eit nettverk av 68 europeiske byar, og inviterer til Lutherfestdager 3. -5. mars. Meir informasjon: www.kirken.no



EIT NÅDENS ÅR: Logo for Reformasjonsbyen Bergen er teikna av Marvin Halleraker.

